


**NOKUTS tilsynsrapporter**

# Høgskulen i Volda

Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga  
oktober 2011



Institusjon:	Høgskulen i Volda
Dato for vedtak:	18.10.2011
Sakkyndige:	Helge Salvesen, Nina Skarpenes, Solveig Cornèr, Christian H. Bjerke
Saksnummer:	09/329

## **Forord**

I følgje lov om universiteter og høyskoler skal alle institusjonar som tilbyr høgre utdanning ha eit system for kvalitetssikring av utdanninga. NOKUT har fått i oppdrag å evaluere institusjonane sine system for kvalitetssikring. Det skal ikkje gå meir enn seks år mellom kvar gong ein institusjon sitt kvalitetssystem vert evaluert.

Den sakkunnige komiteen som har evaluert system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Volda besøkte institusjonen 30. mars og 26. – 27. mai 2011, og leverte sin rapport 15. juli 2011.

Komiteen hadde følgjande samansetjing:

- Professor Helge Salvesen, (leiar), Universitet i Tromsø
- Student Christian Hemmestad Bjerke, Universitetet i Bergen
- Rådgivar Solveig Cornér, Helsinki universitet
- Assisterande rektor Nina Skarpenes, Politihøgskolen

Seniorrådgivar i NOKUT, Anne Karine Sørskår, var komiteens sekretær.

NOKUT ønskjer å takke den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. NOKUT vil også takke alle tilsette og studentar ved høgskulen som har bidrege til komiteen sitt arbeid gjennom intervju mv.

Dette dokumentet inneheld rapporten frå den sakkunnige komiteen, fråsegsna til denne frå Høgskulen i Volda, samt merknad frå sakkunnig komité til fråsegsna. Desse dokumenta var grunnlag for behandlinga i NOKUTs styre 18. oktober 2011. Følgjande vedtak vart gjort:

System for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Volda vert godkjent.

Oslo, oktober 2011

Terje Mørland  
direktør

## **Innhold**

<b>1</b>	<b>System for kvalitetssikring.....</b>	<b>1</b>
1.1	Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga .....	1
1.2	Evalueringa ved Høgskulen i Volda.....	1
<b>2</b>	<b>Høgskulen i Volda og kvalitetssikringssystemet .....</b>	<b>2</b>
2.1	Presentasjon .....	2
2.2	Utfordringar .....	3
2.3	Komiteens tilnærming til evalueringa .....	4
<b>3</b>	<b>Kvalitetssystem i funksjon ved Høgskulen i Volda .....</b>	<b>6</b>
3.1	Innhenting og bruk av kvalitetsinformasjon på studieprogramnivå .....	6
3.2	Innhenting og bruk av kvalitetsinformasjon på institusjonsnivå .....	8
<b>4</b>	<b>Kvalitetssikringssystemet vurdert ut i frå NOKUTs kriterium .....</b>	<b>10</b>
<b>5</b>	<b>Konklusjon – Har Høgskulen i Volda eit tilfredsstillande system for kvalitetssikring? .....</b>	<b>14</b>
<b>6</b>	<b>Komiteen sine synspunkt på vidare utvikling av kvaliteten .....</b>	<b>16</b>
<b>7</b>	<b>Vedlegg.....</b>	<b>17</b>
7.1	Program for hovudbesøk .....	17
7.2	Dokumentasjon .....	18
7.3	Uttalelse frå institusjonen .....	20
7.4	Kommentar frå komiteen.....	23

# **1 System for kvalitetssikring**

## **1.1 Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga**

I forskrift til *lov om universiteter og høyskoler* heiter det at «Universiteter og høyskoler skal ha et system for sitt kvalitetssikringsarbeid som sikrer kontinuerlige forbedringer, gir tilfredsstillende dokumentasjon av arbeidet og avdekker sviktende kvalitet» (§ 2–1, (1)).

Kvalitetssikringssystemet er utdanningsinstitusjonenes reiskap for å skaffe seg nødvendig kunnskap for å kunne vurdere kvaliteten i eigne utdanningstilbod. Innafor rammene av lov og forskrift er det institusjonane sjølv, som ut i frå eigen storleik, faglege profil og andre forhold ved institusjonen, avgjer korleis systemet skal formast.

Lov om universiteter og høyskoler gir NOKUT i oppgåve å evaluere institusjonane sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda etter kriterium som organet fastset. NOKUT har gjennomført evalueringar av kvalitetssikringssystem sidan 2003, og våren 2009 starta andre runde med slike evalueringar opp. Evalueringskriteria som vart fastsette i 2009 er i større grad retta inn mot å vurdere institusjonane sin bruk og nytte av systema.

NOKUT nyttar sakkunnige komitear i sine evalueringar. Komiteane skal vurdere om institusjonane tilfredsstiller krava til kvalitetssikring av eigne studietilbod. Evaluering av eit kvalitetssikringssystem er såleis ikkje ei fagleg vurdering av innhaldet eller kvaliteten i dei enkelte studia, men ei evaluering av institusjonen sitt systematiske arbeid for å sikre og forbetre slik kvalitet.

Den sakkunnige komiteen baserer sine vurderingar på dokumentstudiar og på samtalar med relevante aktørar ved institusjonen. Det vert gjennomført to institusjonsbesøk. Under det innleiande besøket diskuterer leiinga ved institusjon og evalueringskomiteen status i kvalitetsarbeidet og innrettinga på evalueringa. Komiteens hovudbesøk ved institusjonen vil romme vidare studiar av dokumentasjon i tillegg til samtalar med ulike grupper og aktørar. Komiteen kan her velje å gå meir detaljert inn i utvalde delar av institusjonens kvalitetssikringssystem og kvalitetssikringsarbeid.

## **1.2 Evalueringa ved Høgskulen i Volda**

Den sakkunnige komiteen som har evaluert systemet for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen i Volda, har bestått av professor Helge Salvesen (leiari), Universitetet i Tromsø, assisterande rektor Nina Skarpenes, Politihøgskolen, student Christian Hemmestad Bjerke, Universitetet i Bergen, og rådgivar Solveig Cornér, Helsinki universitet. Prosjektleiar frå NOKUT har vore seniorrådgivar Anne Karine Sørskår. I tillegg var rådgivar Ine Merete Andersen sekretær under hovudbesøket.

Hovudbesøket fann stad 26.- 27. mai, og det innleiande dialogmøtet med leiinga ved høgskulen fann stad 30. mars 2011.

Kapittel 2 inneheld ein kort presentasjon av Høgskulen i Volda og kvalitetssikringssystemet. I kapittel 3 vert dei forholda i kvalitetssikringssystemet som komiteen har vald å sjå nærmare på under hovudbesøket, presentert. Kapittel 4 er ei vurdering av systemet i forhold til lov, forskrift og NOKUTs

kriteriesett. Konklusjonen er å finne i kapittel 5, medan kapittel 6 gir ei samla framstilling av dei tilrådingane komiteen har for vidare utvikling av systemet.

## 2 Høgskulen i Volda og kvalitetssikringssystemet

### 2.1 Presentasjon

Høgskulen er ein mellomstor profesjonshøgskule med studietilbod innan utdanning, velferd, kultur og media. Høgskulen vart etablert i 1994, då Volda lærarhøgskule og Møre- og Romsdal distrikthøgskule Volda vart slått saman. Høgskulen har 14 bachelorprogram, 3 lærarutdanningsprogram, og 5 masterprogram, samt nærmere 20 årsstudium. Den faglege verksemda er delt i fire avdelingar: Avdeling for Kulturfag (AKF), Avdeling for mediefag (AMF), Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL), Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH), samt nynorskcenteret og Ivar Aasen-instituttet. I den formelle strukturen er det ikkje noko nivå under avdelingsnivå, men alle avdelingar har ein understruktur, anten med program, seksjonar eller institutt.

Høgskulen har om lag 3400 studentar. Av desse er omlag 1800 deltidstudentar ved nett- og samlingsbaserte utdanningstilbod. Det er 220 tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. I tillegg er det 22 doktorgradsstudentar.

System for kvalitetssikring vart godkjent av NOKUTs styre i mai 2005. Den sakkunnige komiteen rådde mellom anna høgskulen til å byggje vidare på tidlegare kvalitetssikringsordningar, gå gjennom metodar for studentevaluering for å kunne gjere det enklare, og utvikle systemet med utdanningssamtalar. Komiteen kom også med nokre forslag til tiltak som ikkje var direkte retta mot systemet, men mot område som kvalitetsarbeidet avdekte utfordringar på.

I den siste reviderte versjonen av kvalitetssystemet, vedteken av høgskulestyret januar 2011, er målet for systemet det same som det var i 2004: “ -bidra til å verkeleggjere høgskulen sitt mål om å vere ein utviklingsorientert institusjon som i samarbeid og konkurranse med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar driv utdanning, forsking, fagleg utviklingsarbeid og formidling med høg kvalitet”. Hovudmålet for kvalitetssystemet er å bidra til ei kontinuerleg utvikling av studiekvaliteten, og det vert slått fast at eit godt utvikla kvalitetssystem skal medverke til at studentane gjennomfører studia på normert tid med tilfredsstillande resultat. I innleiinga er det også understreka at studiekvaliteten først og fremst er avhengig av og tett kopla opp mot fagleg tilsette, og at grundige kommisjonsvurderingar ved tilsetting og forskingsbasert undervisning skal borge for god kvalitet i utdanningane.

Systembeskrivinga gjer greie for kva rolle dei enkelte har i systemet. Alle studentar skal vere knytt til eit fagutval, men det er opp til avdelingane å avgjere om fagutvala skal vere på emne- eller programnivå. Fagutvalet skal vere eit forum for tilbakemelding og evaluering undervegs i studieåret, men har samtidig som mål at studentar og faglærarar skal utvikle ei fagkritisk haldning. Utvala er sett saman av minimum ein fagtilsett og to studentar, og skal ha minimum to timeplanfesta møte i semesteret. Studentane skriv referat som skal godkjennast på neste møte. Fagutvala kan mellom anna føre seg følgjande område innafor studiet/emnet: innhald, arbeidsmåtar og organisering, rettleiing, arbeidskrav, vurdering og eksamen, pensum og informasjon. Ein rapport med ein samanfatta analyse skal leggjast fram for avdelinga ein gong kvart år. Rapporten skal sendast til strategisk studienemnd, som har ansvar for å utarbeide årsrapporten for studiekvalitet ved høgskulen.

Avdelingane kan velje å ha eit studiekvalitetsutval, eller leggje kvalitetsspørsmål til avdelingsrådet.

Kvalitetsarbeidet vert framstilt som ein prosess i fire fasar: planlegging, gjennomføring, evaluering og forbetring. Systemet byggjer på dei fire hovudelementa opptakskvalitet, rammekvalitet, programkvalitet og resultatkvalitet. Systembeskrivinga gjer greie for mål, ansvar, evalueringstiltak i forhold til dei fire elementa, og systematisk innhenting og bruk av informasjon som gir kunnskap om kvaliteten i utdanninga.

*Opptakskvaliteten* vert kvalitetssikra ved ei spørjeundersøking om studiestart og intern evaluering av dei administrativt tilsette som har oppgåver knytt til opptak og oppstart.

*Rammekvaliteten* vert kvalitetssikra mellom anna gjennom årleg kontroll av det fysiske læringsmiljøet, meldeteneste for studentar, årleg rapport frå læringsmiljøutvalet, personalpolitiske og høgskulepedagogiske tiltak, møte mellom leiinga og sentrale studenttilitsvalde, intern evaluering av studieadministrative tenester og IT-tenester.

*Programkvalitet* vert sikra gjennom ekstern evaluering av studieprogram, kandidatundersøkingar, fortløpende emneevalueringar, tett kontakt med praksisfeltet, skildring av kvalifikasjonsrammeverket i alle emne- og studieplanar, ekstra fagkollegavurdering og ekstern sensur i alle nye studium/emne, studentevalueringar av utveksling, utdanningssamtalar og meldingsteneste for studentar.

*Resultatkvalitet* vert kvalitetssikra gjennom analyse av strykprosent, karakterfordeling, utvikling av karakterar over tid, studieprogresjon og gjennomstrøyming, og statistikk om samanheng mellom inntakskvalitet og resultatkvalitet i utvalde utdanningar.

Følgjande grunnlagsrapportar vert generert i systemet: referat frå fagutvalsmøta, utdanningsplanar, studieprogramansvarleg sin rapport frå kvart evaluert studieprogram, emneansvarleg sin rapport for kvart emne, ekstern evaluering av studieprogram og sensorrapportar.

Dekanane skal kvart studieår utarbeide ein rapport om studiekvalitet på grunnlag av rapportar frå dei studieprogramansvarlege. Strategisk studienemd utarbeider ein årsrapport om studiekvalitet på grunnlag av avdelingsvise rapportar, oppsummering av studiestartundersøkinga, rapport frå læringsmiljøutvalet, rapport frå internasjonalt utval og statistikk frå målområda.

## **2.2 Utfordringar**

I notat *Status for kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda* er det gjort greie for revideringa av systemet hausten 2010. Retningslinjene for fagutvala er endra, det er etablert ei meldingsteneste for studentar der dei kan gje tilbakemelding på moglege avvik eller forslag til forbetringar, og det er innført personalpolitiske tiltak. Innføringa av kvalifikasjonsrammeverk vert tett kopla mot studiekvalitetsarbeidet ved høgskulen, og dette skal evaluerast i studieprogramevalueringar og studentevalueringar.

Høgskulen er oppteken av at systemet er enkelt og gir gode tilbakemeldingar til det rette nivået. Leiinga har diskutert om det vert produsert fleire rapportar enn naudsynt, men førebels ønskjer høgskulen å vise breidda i kvalitetsarbeidet og behalde rapporteringsrutinane.

Det at høgskulen har mange nettstudentar og at alle masterutdanningane er samlingsbaserte gir spesielle utfordringar, til dømes knytt til fagutval og oppslutning om evalueringar.

Fram til revideringa av systemet var det ei ordning med rullerande ekstern evaluering av studieprogram, slik at alle program vart evaluert kvart femte år. Trass i vedtak om at program skulle evaluerast, er det fleire døme på at dette ikkje vart følgt opp i fagmiljø. Grunngivinga var manglande tid og ressursar. Frå 2011 skal difor strategisk studienemnd velje ut dei programma som skal evaluerast, og strategiske midlar vert då tildelt desse evalueringane.

Høgskulen skriv at fagutvala er ei av dei mest sentrale brikkene i kvalitetssystemet, men erkjenner at dette ikkje er eit forum for fjernstudentane. Nokre fagutval slit med å finne si rolle, og i styreframlegg om revisjon av kvalitetssystemet står det at studentane hadde kome med innspel om at fagutvala og utdanningssamtalane ikkje alltid fungerer like godt over alt. I årsrapportane står det at ein av og til opplever at det har vore vanskeleg å få studentane til å skrive referat, og at ikkje alle studentane meiner at det er enkelt å kome med kritikk i fagutvalsmøte.

Tett dialog mellom lærarar og studentar vert trekt fram som eit kjenneteikn ved høgskulen.

### **2.3 Komiteens tilnærming til evalueringa**

Ut ifrå dokumentasjonen og det innleiande besøket meinte komiteen å kunne konstatere at Høgskulen i Volda har eit oversiktleg system med klare rutinar og ansvarsforhold. På den andre sida er store delar av systemet desentralisert med dekan som ansvarleg, og systembeskrivinga inneheld få faste rutinar for kvalitsarbeid på grunnivået. Den enkelte avdeling kan velje opplegg for organisering av fagutval og studentevalueringar. Dekan er ansvarleg for å sjå til at resultata av evalueringar vert drøfta i relevante fora. Avdelingane har i ulik grad nedfelt skriftlege rutinar for kvalitsarbeidet.

I nokre av rapportane frå avdelingane til strategisk studienemnd vert det peika på at det i enkelte tilfelle ikkje er gjennomført studentevalueringar, eller at det er manglande dokumentasjon av desse. Det vert antyda at meir av ansvaret for studentevalueringar kunne lyftast til avdelings- eller høgskulenivå. Dette var ikkje noko tema som var diskutert då systemet vart revidert, men i saksframlegg kjem det fram at det vart utarbeidd ei meir tydeleg og føremålstenleg rolle- og ansvarsfordeling.

På grunnivå skal alle emneansvarlege rapportere om sine emneevalueringar til studieprogramansvarleg eller instituttleiar, som så skal skrive ein rapport om kvart evaluert studieprogram. Rapportane vert sende til instituttet/seksjonen for vidare handsaming og inngår i grunnlaget for dekanane sine avdelingsvise rapportar om studiekvalitet. Desse rapportane går til studienemnda som utarbeidar den årlege rapporten til høgskulestyret. Dette gir ei slik line i rapporteringa:

Emne > Program > Avdeling > Strategisk studienemnd > Årsrapport til styret

I tillegg til desse rapportane vert det i årsrapporten også presentert og kommentert kvantitativ informasjon om karakterpoeng, studenttal og kandidatproduksjon.

Komiteen ønskte å sjå nærare på kva informasjon systemet genererer, og korleis dei ulike nivåa nyttar denne informasjonen. Komiteen har sett på korleis kvalitetsinformasjon vert ivaretatt frå avdelingsnivå og oppover i systemet, og korleis informasjon går frå leiinga og nedover i organisasjonen. På

grunnivået har komiteen med utgangspunkt i studietilboda *sosialt arbeid (sosionom og barnevern)* og *idrett og friluftsliv* sett nærmere på korleis fagutvala fungerer, og korleis studentar, emneansvarlege og leiinga ved avdelinga er involvert i kvalitetsarbeidet.

Komiteen har vald to studietilbod utan fjernstudentar, og fekk då belyst korleis fagutvala og den tette dialogen fungerer. Komiteen fekk ikkje belyst korleis fjernstudentar opplever det å vere student ved Høgskulen i Volda, men ser ingen grunn til å tvile på det som leiinga sjølv peikar på: at fjernstudentane gir spesielle utfordringar for kvalitetsarbeidet.

Komiteen har lagt hovudvekt på korleis systemet fungerer som informasjonssystem, og spesielt prøvd å få fram korleis informasjon om forhold som fråfall, attraktivitet og relevans vert handsama i kvalitetsarbeidet.

*Fråfall:* Mange av dei rapportane som systemet genererer, viser at det er stort fråfall i mange av utdanningstilboda. Problemet er spesielt stort i nokre av profesjonsutdanningane, mellom anna i sosialt arbeid. Fråfall var også ein aktuell problemstilling då høgskulen fekk evaluert sitt system i 2005. Komiteen ville sjå nærmare på kva høgskulen veit om årsaker til fråfallet, og kva tiltak som er gjennomførte for å motverke dette.

*Attraktivitet:* I mange rapportar er det peika på at inntakskvaliteten til studentane vert dårlegare. Det går fram av årsrapportane at det ikkje er god nok statistikk for inntakskvalitet. Statistikk for førsteprioritetssøkarar i Samordna Opptak ligg føre, men ikkje for dei studentane som vert tekne opp gjennom lokalt opptak eller restetorg, og som utgjer ein stadig større del av studentmassen. Gir systemet tilstrekkeleg informasjon om inntakskvaliteten, og vert denne informasjonen nytta i kvalitetsarbeidet?

*Relevans:* Målet for kvalitetssystemet er å vere ”Ein utviklingsorientert institusjon som i samarbeid og konkurranse med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar driv utdanning, forsking, fagleg utviklingsarbeid og formidling med høg kvalitet”. I strategisk plan er eit av tiltaka at ”HVO skal samarbeide aktivt med offentlege verksemder og næringsliv”. Eit anna tiltak er å ”Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innan UH-nett Vest, Mørealliansen og andre relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt”. Greier systemet å fange opp om studieprogramma er relevante i forhold til arbeids- og samfunnsliv?

Komiteen har belyst det som her er presentert ved å intervju ekstern styrerepresentant, strategisk studienemnd, læringsmiljøutvalet, tillitsvalde studentar på avdelingsnivå/institusjonsnivå, og studentar, fagutval, emneansvarlege, dekanar og studieprogramansvarlege ved to program. Komiteen valde eit program som representerer ei profesjonsutdanning med dårleg søking og gjennomstrøyming, *sosialt arbeid (sosionom og barnevern)* og eit program som er inne i et positiv utvikling i forhold til høgskulen sine nøkkeltal, *idrett og friluftsliv*. Desse programma er basert på at studentane er på campus.

## 3 Kvalitetssystem i funksjon ved Høgskulen i Volda

### 3.1 Innhenting og bruk av kvalitetsinformasjon på studieprogramnivå

På grunnivået har komiteen med utgangspunkt i studietilboda *sosialt arbeid (sosionom og barnevern)* og *idrett og friluftsliv* sett nærmere på korleis fagutvala fungerer, og korleis studentar, emneansvarlege og leiinga ved avdelinga er involvert i kvalitetsarbeidet.

**Sosialt arbeid** omfattar profesjonsutdanningane for barnevernspedagogar og sosionomar. Utdanninga var etablert som ei treårig profesjonsutdanning før bachelorgraden vart innført. Utdanninga er organisert innan eit eige institutt under Avdeling for samfunnsfag og historie. I rapportane fra avdelinga til studienemnda vert det konstatert stort fråfall i sosialarbeidarutdanningane.

Studentevalueringane syner at studentane er svært positive til utdanningstilbodet. I 2008 initierte instituttleiar ein ekstern rapport, *Skjeringspunktet mellom teori og praksis*, som er ei evaluering av bachelorprogrammet i sosialt arbeid. I rapporten går det fram at studentane er nøgde, og at den største utfordringa er skjeringsfeltet mellom teori og praksis. Nokre lærarar får dårlege tilbakemeldingar. Referata frå fagutvala viser at det er saker om fusk, fråvere, permisjonar, bruk av Fronter og liknande som vert handsama på møta.

**Idretts- og friluftsliv** er eit relativt nyetablert bachelorstudium som byggjer på to årsstudium med moglegheit for fordjuping i idrett eller friluftsliv. Det er framleis mogleg å ta både idrett og friluftsliv som årsstudium, og det kom fram under intervjuia at det var få studentar som tok heile bachelorstudiet. Rapporten *Fagutvalg Bachelorstudium Idrett og Friluftsliv 2009 -2010* og studieprogrammevalueringa gir uttrykk for at studentane er nøgde med det meste med unntak av idrettsanlegget. Det går fram av studiekvalitetsrapporten at seksjonen har gjennomført ein større revisjon av program og emne, og at søkeratala bekreftar at studiet utviklar seg i riktig retning.

**Studentane** både ved sosialarbeidarutdanninga og idrett og friluftsliv var nøgde med å vere studentar ved Høgskulen i Volda. Rykte om eit godt studiemiljø var bakgrunnen for at dei søkte seg til Volda, og dei kunne stadfeste at dei no opplevde å ha eit godt studiemiljø. Studentane gav uttrykk for at det er lett å ta opp saker med lærarar eller studierettleiarar. Dei hadde også kunne konstatere at det vart gjort noko med det som kom fram i studentevalueringane, slik at det fekk konsekvensar for neste kull. Ingen av studentane som komiteen møtte hadde vore med på evaluering av praksisperioden, og dei hadde gitt sine tilbakemeldingar direkte til lærarane.

Ved Høgskulen i Volda er dei fleste emna av eit semesters varigheit. Komiteen fekk inntrykk av at det ved begge utdanningstilboda vert gjennomført evalueringar av kvart emne. **Emneansvarlege** meinte dei fekk gode tilbakemeldingar i studentevalueringane, men det vart også uttrykt skepsis til nytten av evalueringane.

**Fagutvalet** for sosialt arbeid er sett saman av to fagtilsette og to studentar frå kvart trinn. Dette medførte at det var ein viss kontinuitet og erfaringsutveksling i utvalet. For kvart av studia idrett og friluftsliv viste det seg å vere eigne fagutval, slik at det ikkje er eit utval som har ansvaret for kvalitetssikring av programmet idrett og friluftsliv.

Dei fleste saker blir meldt på møtet av studentane. Det er også høve til å melde saker på førehand til fagkoordinator, som deltek på alle møta. Studentane brukar å ha møte med dei studentane dei

representerer på førehand, og det er stort sett det som opptek studentane der og då, som vert diskutert på møta i fagutvala. Det er ingen systematiske rutinar for tilbakemelding til studentane etter møta. Medlemene av fagutvala såg på verksemda i utvala som nyttig og erfarte at det vart gjort noko med dei sakene som vart teke opp. Spørsmål om å setje av tid i timeplanen til skriving av bacheloroppgåve er døme på ei sak som kravde endring i neste års studieopplegg, men hovudintrykket er at det er løpende saker som handsamast. Det synes også som om det er uskrivne reglar for kva saker som det er mogleg å ta opp i utvala. Studentar ved idrettsstudiet var misnøgde med den utteljinga dei fekk ved innpassing av studiet ved andre studiestader, men hadde ikkje teke opp dette spørsmålet i fagutval eller anna forum.

Leiinga ved høgskulen eller lærarane melder sjeldan saker til fagutvala, og studentevalueringar vert ikkje handsama på møta. Kontakt mellom dei ulike fagutvala har berre vore sporadisk, og det er heller ikkje vurdert som hensiktsmessig med formalisert samarbeid ettersom sakene primært er av lokal interesse.

Dei som vart intervju poengterte at det i fagmiljøa var pågåande diskusjonar om relevans og faglege prioriteringar. For sosialt arbeid var instituttmøta forumet der dette vart diskutert, medan det for idrett og friluftsliv var to separate uformelle fagmiljø, idrett og friluftsliv. Desse to fagmiljøa samarbeider om faglege spørsmål. Avdeling for kulturfag, som er ei relativt ny avdeling, har avdelingsråd med studentar og ekstern representasjon. Faglege spørsmål og resultat frå studentevalueringar vert handsama der. Avdeling for samfunnsfag og historie har ikkje fungerande avdelingsråd, og tek alle faglege diskusjonar og -oppfølging av evalueringar i instituttmøte, som ikkje har noko formell rolle i styringa av høgskulen.

Ved Avdeling for kulturfag er det programansvarlege som har ansvaret for program, medan det i Avdeling for samfunnsfag og historie er instituttleiar sitt ansvar. Det vart gitt uttrykk for at fagmiljøa, uansett korleis dei var organisert, kjende ansvar for programma sine og gjorde endringar på bakgrunn av kollegiale diskusjonar. Begge avdelingane såg på studentane som den viktigaste kjelda til informasjon, både den som kom fram i uformelle dialogar og gjennom studentevalueringar. Omlegginga som hadde funne stad i bachelorstudiet i idrett og friluftsliv var initiert på grunnlag av studentevalueringar, og det var også eit anna studium ved avdelinga som hadde gjennomført større endringar på bakgrunn av studentevalueringar.

Ingen av dei gruppene som vart intervju hadde systematisk kunnskap om relevansen i studia. Studentane opplevde studia som relevante, og dei emneansvarlege meinte at dei i sine praksisbesøk fekk stadfesta at studentane hadde relevant teoretisk utdanning. Ved Avdeling for kulturfag, der studentane vel ulike spesialiseringar og går ut i mange forskjellige yrke, vart det erkjent at det kunne vere interessant å få systematisk kunnskap om kva studentane gjorde etter avslutta utdanning. Elles vart det vist til dei mange nettverka høgskulen deltek i. Ekstern sensur vert nytta for å sikre kvaliteten i sensureringa, men sensorane gir ingen systematisk tilbakemelding om kvalitet eller relevans i studia.

I systembeskrivinga står det at studieprogram- og emneansvarlege har ansvar for å gjennomføre kandidatundersøkingar, men det er ikkje gjort nærmere greie for når og korleis dette skal gjerast. Dei som vart intervju kjende ikkje til at det hadde vore gjennomført slike, og det kjem ikkje fram av dokumentasjonen at det er gjennomført slike undersøkingar. Fleire gav under intervjua uttrykk for at det ville vore nyttig å ha kandidatundersøkingar. Komiteen har fått opplyst frå høgskulen at det i 2000 vart gjennomført ei kandidatundersøking som inngjekk i arbeidet med ny studieplan.

I rapportar på alle nivå er det konstatert stort fråfall blant studentane ved enkelte av studietilboda, og at det kunne vere føremålstenleg å vite meir om årsakene til dette. Men ikkje noko nivå synest å ha ansvar for å analysere årsakene til fråfallet. Fråfallsproblematikken vart frå studentane si side forklart med at det tette studentmiljøet kunne vere for tett for enkelte på den måten at dei prioriterte sosiale aktivitetar framfor å studere. Ei anna forklaring både frå emneansvarlege og studentar var at studentane undervegs fann ut at dei ikkje ville verte sosialarbeidar eller barnevernspedagog.

Tilsette i ulike roller trakk og fram inntakskvaliteten som ei forklaring: Fleire fall frå fordi dei ikkje hadde føresetnad for å greie den teoritunge delen av studiet, medan andre ikkje hadde dei personlege eigenskapane som trengst for å verte sosialarbeidar. Det vart påpeika at høgskulen var nøydd til å ta opp alle med generell studiekompetanse som søkte, og dermed ikkje kunne gjere noko for å sikre inntakskvaliteten. Vidare vart det trekt fram at krevjande eksamenar i første semester bidrog til at fleire fall frå, og desse eksamenane kunne tene som ei slags sortering av studentane.

Studietilboda innan mediefag, og til dels innan kulturfag, synest å vere attraktive også utanfor Volda, ettersom desse tilboda trekk til seg studentar utanfrå. Det vart hevda at det tette miljøet bidrog til at Volda var attraktiv som studiestad, men dette kunne også vere årsaka til at nokre studentar slutta.

Volda som arbeids- og studiestad vert gjerne opplevd som svært eksotisk, og det er viktig at dei som kjem til Volda ser det som attraktivt å arbeide i eit slikt spesielt miljø. Rekruttering av nye tilsette for å erstatte dei som no nærmar seg pensjonsalder kunne vere ei utfordring, men det hadde til no vore godt med søkerar til ledige stillingar.

### **3.2 Innhenting og bruk av kvalitetsinformasjon på institusjonsnivå**

Komiteen har gjennom intervju med læringsmiljøutval, ekstern styrerepresentant, tillitsvalde studentar på institusjons/avdelingsnivå og strategisk studienemnd, sett på korleis informasjon om kvalitet vert ivaretatt frå avdelingsnivå og oppover i systemet, og korleis informasjon går frå leiinga og nedover i organisasjonen.

**Læringsmiljøutvalet** opplever at utvalet vert lytta til og har reell makt, og at styret var svært opptatt av dei sakene dei fekk frå utvalet. Mellom anna hadde styret hatt mykje fokus på Handlingsplan for eit inkluderande læringsmiljø, noko intervjuet med ekstern styrerepresentant stadfestar. Det går også fram av årsrapportane til styret at tiltak som har med læringsmiljø å gjere er prioriterte.

Handlingsplanane er ambisiøse, men utvalet opplever at dei har nådd nokre mål og arbeider vidare med andre. Utvalet er stolt av velferdsundersøkinga og resultata som viser at dei fleste som har svart, vil anbefale Volda som lærestad. Driftsleiar er med i Læringsmiljøutvalet, og tek opp saker som gjeld det fysiske læringsmiljø direkte med Statsbygg. Prorektor har vore leiar for LMU i studieåret 2010/2011. Utvalet handsamar primært saker som går på tvers av avdelingane, men har jamlege møte med avdelingane.

**Tillitsvalde studentar** opplevde å ha godt samarbeid med leiinga ved høgskulen, og poengterte at mange saker vart løyste på ein uformell måte. Dei representerte studenttinget, og kom frå ulike avdelingar. Det var ikkje studenttillitsvalde på avdelingsnivå, og dei som vart intervjua deltok ikkje i fora på avdelingsnivå der studiekvalitet var tema, eller hadde formalisert kontakt med dekanen..

Dei tillitsvalde var opptekne av å marknadsføre Volda som ein attraktiv studiestad. Dei opplevde det intime studiemiljøet som godt, og at miljøet var stort nok til at ein heile tida fekk nye impulsar. Desse kvalitetane ved Volda som studiestad, meinte det berre var godt kjent i mediamiljøa. Gjennom prosjektet ”Studiebygda” ville dei no prøve å nå ut til potensielle studentar i alle fagtilboda.

**Strategisk studienemnd** er består av prorekтор, som er leiar, dei fire dekanane og to studentar. Utvalet skal mellom anna diskutere overordna utdannings- og studiestrategi, kva utdanninger høgskulen skal tilby på kort og lang sikt og godkjenne studieplanar. Nemnda overtek studieutvalet sine funksjonar, og får ei strategisk rolle i tillegg. Tidlegare var hovudoppgåva til studieutvalet å godkjenne studieplanar, og dette utvalet besto av fagleg tilsette frå dei ulike avdelingane og studentrepresentantar.

Nemnda si oppgåve er å vere bindeledd mellom fagmiljøa og leiinga, og dessutan bidra til at det vert ein felles praksis mellom avdelingane mellom anna med omsyn til kvalifikasjonsrammeverk og harmonisering av krav til emne. Desse sakene er no blitt brakt opp til eit formelt forum på høgskulenivå. Dekanane og prorekтор møtes saman med rektor, direktør, studiedirektør og forskingskoordinator i faste vekemøte. Nemnda gav uttrykk for at det er godt at dekanane også sit i nemnda, ettersom dei har oversikt over det som skjer i avdelingane. Nemnda oppfatta seg sjølv som eit av dei viktigaste organa på høgskulen, men ingen av dei andre gruppene som vart intervjua trakk fram nemnda som ein aktør i kvalitetsarbeidet.

Nemnda er mottakar av kvalitetsrapportar frå dei fire avdelingane. Av rapportane til strategisk studienemnd går det fram at dei ulike avdelingane har ein svært ueinsarta struktur under avdelingsnivået. Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning har verken fungerande avdelingsråd eller studiekvalitetsutval, men diskuterer fortløpende kvalitetsarbeidet med studieleiarar og instituttleiarar i fora som vekemøte og LU-matrisa. Avdeling for mediefag har avdelingsråd utan studentrepresentantar, medan Avdeling for kulturfag har eit råd med både studentar og eksterne representantar. Avdeling for samfunnsfag har ikkje noko forum på avdelingsnivå. Det går også fram av rapportane frå dekanane til utvalet at rapportane i tillegg til underliggende rapportar er basert på samtalar med tilsette og studentar.

Strategisk studieutval har teke initiativ til kandidatundersøking, som er eit tiltak avdelingane i liten grad har tatt tak i.

## 4 Kvalitetssikringssystemet vurdert ut i frå NOKUTs kriterium

Komiteen har i tråd med *Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning* vurdert systemets strukturelle oppbygging, den dokumentasjonen det bring fram og dei vurderingane av utdanningskvalitet som institusjonen sjølv gjer. Vurderinga er gjort med utgangspunkt i NOKUTs kriterium nedfelt i *Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (Tilsynsforskrifta)*.

### a) Stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur

NOKUT skal vurdere om kvalitetssikringssystemet fremmer brei deltaking i kvalitetsarbeidet blant tilsette og studentar og deira demokratiske organ, om det stimulerer til eit kvalitetsarbeid som er prega av openheit, engasjement og forbetringsvilje, og om informasjon og vurderingar er dokumenterte og tilgjengelege.

Komiteen sitt inntrykk er at alle ved høgskulen kjenner ansvar for å utvikle kvalitet, og har fokus på at studentane skal vere nøgde med studietilboda. Rektor og andre tilsette nedover i systemet har opne dører og deltek mykje i uformelle dialogar. Gjennom desse dialogane får dei kunnskap om korleis det er å vere student ved Høgskulen i Volda, og det meste av problem som dukkar opp, løyser seg også ved dialog.

Samstundes viser det seg at dei store problema som vert avdekkja gjennom kvalitetssystemet ikkje vert gjort noko med. Dette er problem som ikkje så lett lar seg løyse i det uformelle systemet, og då kan det sjå ut til at det ikkje er noko ansvarleg organ som tek tak i problema.

Bruken av dei uformelle kanalane undergrev delvis det formelle systemet. Ved at leiinga i så stor grad trekkjer fram dei uformelle dialogane som viktige for kvalitetssikring, gir dette signal til studentane om at formelle organ ikkje er viktige for at dei skal kunne påverke høgskulen i spørsmål som har med studiekvalitet å gjere. Kvalitetssystemet vert sett på som ein tungvint måte å korrigere avvik. Det synes heller ikkje å vere ein del av kulturen å tenkje at systemet også skal bidra til å fange opp det som fungerer bra, og at det skal bidra til å utvikle kvaliteten i studia.

Vektlegging på dialog og den uformelle strukturen inneber også at høgskulen har vald å leggje ansvaret for studentevalueringar til dei ulike fagmiljøa. På den måten får den øvste leiinga ved høgskulen mindre styringsdata som er tilrettelagt og analysert. Fokus på kvalitet vert i stor grad å løyse ad-hoc utfordringar for heiltidsstudentane, og ikkje å prioritere langsiktige strategiar og leggje til rette for å nå desse. Det uformelle systemet legg ikkje til rette for at den største studentgruppa ved høgskulen, fjernstudentane, får ta del i kvalitetsarbeidet. I så måte mister leiinga ved høgskulen viktig styringsinformasjon frå denne studentgruppa.

Studentane hadde stort engasjement for høgskulen og for dei kvalitetar høgskulen har. Dette kom mellom anna godt fram i initiativet til ”Studentbygda”, som er eit prosjekt som betyr mykje for høgskulen sin strategi.

Høgskuleleiinga og studenttillitsvalde møtes kvar 14. dag, og desse møta synest å fungere godt. På grunnivået fungerer fagutvala godt, men det synest også som om desse møta har ein uformell karakter. Det ligg sjeldan føre ei sakliste i forkant av møta, og møta handsamar som oftast det som opptek

studentane der og då. Studentane i fagutvala synest å ha kontakt med dei studentane dei representerer, og dei oppfatta arbeidet i fagutvala som viktig. Fagutvala tener då som eit forum der dei uformelle dialogane får ein noko fastare struktur. Manglar ved strukturen og skriftlegeheita rundt fagutvala gjer at fjernstudentane har lite nytte av dette.

Systemet genererer mange rapportar på alle nivå. I samband med revideringa av systemet vart det stilt spørsmål om det er naudsynd med så mykje rapportering. Etter komiteen si vurdering krev eit desentralisert system med få faste rutinar, at det som vert gjort av kvalitetsarbeid er dokumentert.

### **b) Mål, plan og forankring i leiinga**

NOKUT skal vurdere om kvalitetssikringssystemet er beskrive slik at det angir dei målsettingar, prosessar, aktørar og fora som inngår, om det er forankra i leiinga og organ som fattar vedtak på dei ulike nivåa, om arbeids- og ansvarsfordeling i kvalitetsarbeidet er fastsett, og om sjølv kvalitetssikringssystemet vert gjort til gjenstand for jamleg evaluering og utvikling med sikte på institusjonens eige behov.

Systembeskrivinga gir ei beskriving av aktørar på dei ulike nivåa og av arbeids- og ansvarsfordeling i kvalitetsarbeidet. Det er klare mål for kvalitetsarbeidet, med god teoretisk referanseramme (Demnings sirkel) og fornuftig inndeling i fire hovudelement.

Det synes likevel å vere ein viss diskrepans mellom det beskrivne systemet og det faktiske kvalitetsarbeidet. Alle avdelingar skal ha studiekvalitetsutval eller leggje denne funksjonen til avdelingsrådet. Ikkje alle avdelingar har eit forum der dekanane møter studentar og fagleg tilsette. Dei tillitsvalde studentane hadde lite kontakt med sin dekan. Fagutvala har ikkje noko overordna organ å rapportere til ein gong i året, noko dei i følgje systembeskrivinga skal gjere. Internt i avdelingane er det også ein uklar struktur - nokre avdelingar har organisert fagmiljøa i sjølvstendige institutt, medan andre har seksjonar. Der det er etablerte institutt, er det instituttleiar som har ansvar for heilskapen i studieprogramma, medan det for andre er utpeika programansvarlege. Idrett og friluftsliv synest å vere døme på at gamle uformelle strukturar med to fagmiljø og fleire fagutval eksisterer sjølv om det er etablert eit program og ein seksjon for idrett og friluftsliv.

Manglande oppfølging av vedtak om ekstern evaluering av studieprogram, er eit døme på at systemet ikkje er tilstrekkeleg forankra, verken i leiinga på avdelingsnivå eller i det uformelle nivået under avdelinga.

Ansvar for kandidatundersøkingar er eit døme på at det som står i systembeskrivinga ikkje fungerer. Verken emneansvarlege eller studieprogramansvarlege hadde tatt tak i dette, slik at strategisk studienemnd no har initiert ei slik undersøking. Nemnda fungerer då som eit nav i systemet og tar tak i forhold som glipp andre stader.

Fagutvalet handsamar dei saker som til ei kvar tid opptek studentane, og det er vanskeleg å finne spor av fagkritisk verksemeld i dei referata som ligg føre. Utvala får dermed ikkje den rolla dei i beskrivinga er tiltenkt. Det er også uklart kva fagutvala skal kvalitetssikre: om det er emne eller program. Eit utval som femner om eit heilt studieprogram vil kunne ha kontinuitet i arbeidet og føresetnadar for å handtere større og prinsipielle saker.

Kvalitetssystemet vert revidert som følgje av at rutinar ikkje fungerer som dei skal. Det vert då innført nye rutinar eller endra ansvarsforhold.

### c) Innhenting av dokumentert informasjon om kvalitet i studia

NOKUT skal vurdere om sikring og vurdering i kvart enkelt studium som er sett i gang byggjer på informasjon som systematisk vert henta inn og kjem frå fleire kjelder, og om systemet har særskilde prosessar for å kvalitetssikre oppretting av nye studiar.

Avdelingsstyra skal fastsetje rutinar for evaluering av emne og program, men i praksis er det opp til etablerte fagmiljø som ikkje har noko formell forankring i organisasjonsstrukturen, å fastsetje dette. Evalueringar synest stort sett å verte gjennomførte, men det er lite transparent kva evalueringar som er gjennomførte, kva som kom ut av dei, og kva som er gjort for å følgje opp evalueringane. Det går også fram av rapportane at det i nokre tilfelle ikkje vert gjennomført evalueringar. Resultata av evalueringane inngår i rapportar vidare i systemet, men gjerne berre i form av at det blir meldt om at studentane er nøgde utan at det blir gjort konkret greie for kva dei er nøgde med.

Det er også innført ei meldingsteneste der studentane kan varsle om moglege avvik. Høgskulen har eit sett av kvalitetsindikatorar, som vert vurdert og analysert i årsrapportane til styret. Dette inkluderer ikkje statistikk over studentane sin inntakskvalitet, som er noko mange ved høgskulen peikar på som ei forklaring på fråfall og stryk. Det er heller ikkje gjort undersøkingar for å kartlegge kvifor studentane fell ifrå.

Jamlege eksterne evalueringar av studieprogram er ei ordning som berre delvis har fungert. Strategisk studienemnd har difor tatt ansvar for å initiere og følgje opp slike evalueringar.

Både studentar, tilsette og leiinga trakk fram at det uformelle systemet var ei viktig kjelde til informasjon. Men gjennom uformelle system greier ikkje høgskulen å akkumulere tilstrekkeleg med informasjon om kva som fungerer godt. Gjennom det formelle systemet vert det generert mange rapportar, men forhold som er omtala, til dømes fråfallproblematikk, har ingen adressat og ingen følgjer opp med å finne ut kva årsaka til fråfallet er.

Det er særskilde prosessar for å kvalitetssikre nye studieprogram. Strategisk studienemnd godkjener nye program eller emne, og alle nye studieprogram på 15 studiepoeng eller meir skal vurderast av eksterne kollegaer før dei vert godkjende. Nye emne skal alltid ha ekstern sensor, og det skal vere fagfellevurderingar av nye studietilbod.

### d) Analyse, vurdering og rapportering

NOKUT skal vurdere om den informasjon som systemet genererer vert analysert, vurdert og framstilt for ansvarlege fora og leiingsnivå.

Systemet genererer mange rapportar, og fleire av desse har eit repeterande innhald. Det står også i ein av rapportane at ”vi ikkje alltid gjer oss nytte av alt vi rapporterer”.

Det er uklårt korleis rapportar vert handsama på avdelingsnivå. Berre nokre av avdelingane har organ på avdelingsnivå som handsamar kvalitetsrapportar. Rapportane vert handsame på institutt- eller seksjonsnivå, og då i hovudsak utan studentrepresentasjon. Sjølv sagt er det svært positivt at det går føre seg diskusjonar i fagmiljø om spørsmål knytt til studiekvalitet, men når desse diskusjonane alltid skjer i ein uformell samanheng, vert det for lite transparent, og studentane er ikkje sikra at deira stemmer blir høyrt. Fagutvala handsamar ingen rapportar eller studentevalueringar. Sjølv om fagutvala skal ha ansvar for evalueringar undervegs i studiet, bør dei også kunne diskutere resultata av skriftlege sluttevalueringar. Ettersom det på avdelingsnivå ikkje er nokre organ med studentrepresentasjon som skal handsame evalueringar, bør fagutvala ha ei rolle i å vurdere og analysere det som kjem fram i evalueringane.

Dekanane har ansvar for å sy saman rapportar til ein rapport frå si avdeling til strategisk studienemnd. Dekanane synest ikkje å ha ansvar for å bringe informasjon nedover i systemet, til dømes syte for at fagmiljøa og fagutvala diskuterer dei utfordringane årsrapportane til styret skisserer når det gjeld attraktivitet og gjennomstrøyming.

Det føreligg lite skriftleg frå arbeidet i fagutvala som kan verte analysert av ansvarlege fora. Det kjem heller ikkje noko informasjon til fagutvala som dei skal ha ansvar for å vurdere.

#### e) Bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring

NOKUT skal vurdere om tiltak for forbetringar vert vurdert og sett i verk på grunnlag av dei kvalitetsanalysane som vert gjort. Dette gjeld både tiltak i tilfelle av svikt i forhold til akkrediteringskrava, og tiltak for å vidareutvikle studiekvaliteten.

Informasjon som blir samla inn gjennom det formelle kvalitetssikringssystem vert nytta av fagmiljøa til å gjøre forbetringar i studietilboda. Ettersom det ikkje er noko avdelingsnivå som gjer bruk av den kunnskapen systemet genererer, vert avdelinga berre ein postkasse i kvalitetsspørsmål.

Strategisk studienemnd er mottakar av rapportar frå avdelingane. Nemnda ser ut til å ta ei rolle med å følgje opp forhold i kvalitetsrapportar som ikkje blir tatt tak i av andre fora. Døme på det er at nemnda har tatt sterkare grep om eksterne programevalueringar og kvalifikasjonsrammeverk, og har initiert kandidatundersøkingar.

Det er også døme på at tiltak blir gjort på styrenivå på grunnlag av forhold som kjem opp i kvalitetsarbeidet, men dette er i stor grad tiltak som gjeld det fysiske læringsmiljøet og som læringsmiljøutvalet har hatt på agendaen. Styret synes i liten grad å bruke kvalitetsinformasjon i den strategiske planlegginga av høgskulen.

## **5 Konklusjon – Har Høgskulen i Volda eit tilfredsstillande system for kvalitetssikring?**

System for kvalitetssikring ved Høgskulen i Volda byggjer på ein kultur med tett kontakt mellom lærar og student. Avvik vert retta opp gjennom denne uformelle kontakten, og det er også gjennom uformell dialog lærarane og leiing får kunnskap om korleis studentane opplever det å vere student ved Høgskulen i Volda. Alle informantar trekk fram det uformelle systemet, og komiteen har inntrykk av at mange meiner at eit godt fungerande uformelt system betyr at det formelle systemet ikkje er naudsynt for å sikre og utvikle kvaliteten.

Høgskulen synest ikkje heilt å ha lukkast med å få til eit konstruktivt samspel mellom den uformelle dialogen og eit formalisert system. Evalueringa har vist at det er ein viss diskrepans mellom det systemet som er beskrive og det som faktisk skjer av kvalitetsarbeid i fagmiljøa. Det formelle systemet for kvalitetssikring synest å vere på sida av det uformelle systemet. Systemet blir dermed lite transparent, samstundes som det gir liten moglegheit for læring på tvers i organisasjonen. Uformelle strukturar og dialogar er også ein utfordring når om lag halvparten av studentane ved Høgskulen i Volda er fjernstudentar.

Også måten høgskulen har organisert den faglege verksemda på, forsterkar dei uformelle systema. Dei strukturar som ligg under avdelingsnivået, kan det vere vanskeleg å få tak på, samstundes som det er uklårt kva rolle avdelinga har i forhold til kvalitetssikring. Dekanane har formelt sett ei viktig rolle i å sikre kvaliteten, men dekanane har i liten grad forum på avdelingsnivå der kvaliteten i studia vert diskutert.

System for kvalitetssikring er bygd opp rundt ein uoversiktleg struktur som gir stor fridom til dei enkelte fagmiljøa. Det er derfor lagt opp til omfattande rapporteringsrutinar. For at dette systemet skal fungere etter hensikta, bør avdelingsnivået få eit reelt innhald slik det er beskrive i systembeskrivinga. Slik det er no synest det som om strategisk studienemnd tek ansvar for det som ikkje blir gjort på avdelingsnivå.

Komiteen har stilt spørsmål ved om eit system som i så stor grad kjem i skuggen av ein uformell struktur bør kunne godkjennast. Når komiteen vel å anbefale godkjenninng, er det fordi systemet som system synest å vere gjennomtenkt og tilpassa den organisasjonsstruktur som er, og at systemet utvilsamt har tiltak som sikrar kvaliteten. Studentane er nøgde med å vere studentar ved høgskulen. Det synest som om systemet fungerer greitt for studentane som er på campus, og dei når fram med innspela sine. Systemet er ikkje tilpassa det store omfanget av fjernstudentar. Systemet fangar opp problem som er knytt til fråfall og gjennomstrøyming, men har ikkje gjort noko tiltak på avdelings- eller høgskulenivå for å analysere og gjere noko med desse problema. Dette kan henge saman med at det ikkje er noko organ på desse nivåa som handsamar spørsmål om studiekvalitet. Høgskulen har ved å etablere strategisk studienemnd tatt eit steg i retning av meir institusjonelt ansvar for studiekvaliteten.

Eit system som både skal vere forankra i fagmiljøa og gi tydelege retningslinjer for kvalitetsarbeidet er vanskeleg å få til innan ein utsydeleg organisasjonsstruktur med stor autonomi til dei uformelle einingane. Komiteen har likevel tilrådingar til vidare utvikling som kan la seg gjere utan større

omlegging verken av organisasjonsstruktur eller av system, og som legg til grunn at fagutvala skal vere ein av dei viktigaste brikkene i kvalitetssikringssystemet.

Komiteen tilrår at system for kvalitetssikring ved Høgskulen i Volda vert godkjend.

## 6 Komiteen sine synspunkt på vidare utvikling av kvaliteten

Komiteen vil tilrå at Høgskulen i Volda i sitt arbeid med å utvikle kvaliteten gjennomfører følgjande tiltak:

- Startar ein prosess med å bringe samsvar mellom det beskrivne kvalitetssystemet og det faktiske kvalitetsarbeidet ved høgskulen. I nokre tilfelle kan det innebere at beskrivinga vert justert slik at ho er i tråd med etablert praksis. Dette vil måtte resultere i ein meir detaljrik beskriving som femner over det mangfold av strukturar som eksisterer. I andre tilfelle kan det vere aktuelt å endre praksis slik at denne er i tråd med det som står i systembeskrivinga. Det bør kome klart fram kva ansvar avdelingsnivået skal ha i kvalitetsarbeidet.
- Legg til rette for meir skriftleggjering og struktur rundt fagutvala. Utvala bør få sakliste og saker tilsendt frå leiinga både ved avdelinga og høgskulen. Administrasjonen bør skrive referata som bør gjerast kjent for alle studentgrupper, inklusiv fjernstudentane. For enkelte fagutval bør det vurderast om det bør leggjast spesielt til rette for at fjernstudentar kan vere med.
- Avklarar kvar i organisasjonsstrukturen fagutvala er forankra, det vil seie kva ansvarleg organ som eig fagutvala og skal følgje opp dei enkelte fagutval.
- Vurderer om prinsippet at alle studentar skal vere knyt til eit fagutval bør erstattast av prinsippet om at alle definerte studieprogram skal vere knyt til eit fagutval. Ved å knyte det til studieprogram vert det også meir relevant å handsame større prinsipielle saker.
- Legg fram og drøftar alle studentevalueringane i fagutvala.
- Diskuterer om avdelingane skal ha ansvar for at studentevalueringer vert gjennomførte. Det vil kunne sikre at alle emne vert evaluert, inklusiv praksisperioden, og at fjernstudentane vert ivaretatt.
- Koplar studentevalueringa til Strategisk studienemd sitt arbeid med kvalifikasjonsrammeverk. For å sikre at evalueringane gir relevant informasjon om læringsmåla er nådd, bør denne nemnda også ha større grep om evalueringa i etterkant.
- Innhentar systematisk informasjon om fråfall og inntakskvalitet. Denne informasjonen bør vurderast av fagutvala, og kan gi leiinga ved høgskulen viktig informasjon for å møte ei av dei største utfordringane høgskulen står overfor dei kommande år, nemleg rekruttering. Slik informasjon vert også viktig som grunnlag for høgskulestyrets strategiske planlegging.
- Tydeleggjer ansvar for å innhente systematisk informasjon om relevans gjennom kandidatundersøkingar og systematiske tilbakemeldingar frå dei mange nettverk høgskulen deltek i.

## **7 Vedlegg**

### **7.1 Program for hovudbesøk**

#### **Torsdag 26. mai**

09:00 – 09:45 Studentar frå bachelorstudia Sosialt arbeid og Idrett og friluftsliv  
10:05 – 10:50 Fagutval frå bachelorstudia Sosialt arbeid og årseiningane Idrett og Friluftsliv  
11:10 – 11:45 Omvising  
11:45 – 13:00 Lunsj og komitémøte  
13:00 – 13:45 Emneansvarlege frå bachelorstudia Sosialt arbeid og Idrett og friluftsliv  
14:05 – 14:50 Dekanar og studieprogramansvarlege frå bachelorstudia Sosialt arbeid og Idrett og friluftsliv ved avdelingane AKF og ASH  
15:30 – 16:15 Læringsmiljøutvalet  
16:30 – 16:45 Oppklarande spørsmål til leiinga  
16:45              Oppsummering internt i komiteen

#### **Fredag 27. mai**

09:00 – 09:30 Ekstern styrerepresentant  
10:00 – 10:45 Tillitsvalde studentar på avdelingsnivå/institusjonsnivå  
11:05 – 12:15 Strategisk studienemnd  
12:15 – 14:00 Oppsummering intern i komiteen og lunsj  
14:00 – 14:30 Tilbakemelding til leiinga

## **7.2 Dokumentasjon**

1. Presentasjon av høgskulen, strategiplanen og studiekatalog med oversyn over studietilboda
2. Kvalitetssystem for Høgskulen i Volda
3. Årsrapport for studiekvalitet for studieåra 2009-10, 2008-09 og 2007-08.
4. Styresak om revisjon av kvalitetssystemet
5. Døme på studieprogramevalueringar:
  - ✓ Bachelorutdanninga i musikk 2008-09
  - ✓ Årsstudium i KRL
  - ✓ Årsstudium i historie
6. Status for kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Volda
7. Rapport og planar (2010-2011)
8. Rapport frå Læringsmiljøutvalet 2009-2010
9. Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø 2008-2012
10. Velferd for alle? Velferdsundersøkinga ved HVO 208
11. Rapportar frå avdelingane og institutt
  - ✓ Studiekvalitetsrapport 2008-09 – Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning
  - ✓ Rapport om studiekvalitetsarbeid – studieåret 2008/2009 – Avdeling for samfunnsfag og historie
  - ✓ Studiekvalitetsrapport 2009-2010 Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning
  - ✓ Studieprogramevaluering for AMF studieåret 09/10
  - ✓ Studieprogramevaluering for AMF studieåret 08/09
  - ✓ Studiekvalitetsrapport 2008-2009 Avdeling for kulturfag ved Høgskulen i Volda
  - ✓ Studiekvalitetsrapport 2009- 2010 AKF
  - ✓ Rapport om studiekvalitetsarbeidet for studieåret 2008-2009 – Historisk institutt
  - ✓ Rapport om studiekvalitetsarbeid studieåret 2009/2010
  - ✓ Rapport om studiekvalitet 2009/2010 3 masterprogram ved ASH
  - ✓ Rapport om studiekvalitet 2008/2009 3 masterprogram ved ASH
  - ✓ IPAS Studiekvalitetsrapport 08/09
  - ✓ ISF Studiekvalitetsrapportering Studieåret 2008 – 2009
  - ✓ Historisk institutt – Rapport om studiekvalitetsarbeid – studieåret 2009 – 10
  - ✓ Studiekvalitetsrapportering Studieåret 2009-2010 Bachelor i sosialt arbeid – Barnevernspedagog og sosionomutdanning
  - ✓ IPAS studiekvalitetsrapport 10/11
12. Grunnlagsrapportar frå Sosial arbeid

- ✓ *I skjeringsfeltet mellom teori og praksis* Studieprogramevaluering – bachelorstudia i sosialt arbeid ved Høgskulen i Volda
- ✓ Studiekvalitetsrapportering 2008-2009
- ✓ Referat frå fagutvalsmøte 15.02.2011, 01.12.2010 og 09.11.2011.

### 13. Grunnlagsrapportar frå Idrett og friluftsliv

- ✓ Referat/oppsummering frå fagutvalsmøte 2009-2010
- ✓ Evaluering av emne IFL206 Bacheloroppgave 2010
- ✓ Studieprogramevaluering 2009
- ✓ Studieprogramevaluering 2010
- ✓ Internkontroll for friluftslivsundervisninga april 2011

### 7.3 Uttalelse fra institusjonen



HØGSKULEN I VOLDA

NASJONALT ORGAN FOR KVALITET I UTDANNINGEN	
Sak./Dok.nr.: <b>09/329-15</b>	Boks 500   Gjøt Volda   Norway   T: 70 07 50 00   F: 70 07 50 51     E: postmottak@hivolda.no   www.hivolda.no
J.dat.: <b>5/9-11</b>	Klass.:
Saksbehd.: <b>AUS</b>	Adm.enhet: <b>TILSYN</b>

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen

Vår dato: 30.08.2011

Vår ref.: 2009/448

Postboks 1708 Vika  
0121 Oslo

Dykkar dato: 15.07.2011

Dykkar ref.: 09/329-12

Sakshandsamar: GSL

#### Kommentarar til rapporten - evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved HVO

Vi viser til tilsend rapport frå sakkunnig komité. HVO har lese rapporten med stor interesse. Først vil vi seie at vi er glade for at komiteen har funne at studentane våre er nögde, at det er lett å ta opp saker og at studentane konstaterer at det vart gjort noko med det som kjem fram i evalueringane.

Vi vil gjerne kommentere nokre tilhøve som er nemnde i rapporten.

#### *Avdelingane og ueinsarta struktur under avdelingsnivå*

Komiteen har merka seg at det manglar fungerande avdelingsråd på Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH), og på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL). Vi vil gjøre merksam på at AHL har eit avdelingsråd, og har hatt to møte pr. semester sidan 2007. Det blir hevda i rapporten at ASH ikkje har fungerande organ for faglege spørsmål og evalueringar ved avdelinga, og at saker blir lagde fram for instituttmøte som ikkje har noko formell rolle. Vi vil peike på at ASH har etablert eit fellesforum for alle tilsette ved avdelinga. Dette fellesforumet har møte 6-7 gonger kvart semester med tema knytt til kvalitetsarbeid, t.d. obligatorisk frammøte, regelverk og sanksjonsregime, om nivå, mål- og utbytteformuleringar i kvalifikasjonsrammeverket, om karakterbruk og strykprosent, om sensoroppnemningar og sensorrapportar, marknadsorientering vs fagleg kvalitet, m.m. Dette forumet fangar opp mykje av den diskusjonen som ein ikkje klarte å få til i avdelingsrådsmøta. Ulempa ved desse samlingane er at studentane ikkje deltar, og at det ikkje er eksterne representantar på møta. Vi vil også drage fram at dekan har full møte- og innsynsrett i instituttmøta. Dekan har såleis høve til å gripe tak i dei saker han ønskjer og leggje dei fram for styringsorgan ved HVO.

Omorganiseringa, deriblant endringane av avdelingane og avdelingsstrukturen ved HVO har våren 2011 blitt evaluert av Rokkansenteret. Rapport frå evalueringa kjem hausten 2011. Innspela i NOKUT sin rapport vil bli tekne med i den endelege evalueringa.

#### *Det formelle kontra det uformelle systemet*

Det vert hevda at det ikkje er rutinar for fast tilbakemelding for kvalitetsarbeid på grunn-nivå. Dette er ikkje rett. Ved alle avdelingane får dekan referata frå fagutvalsmøte og frå instituttmøte/seksjonsmøte, og han kan såleis følgje kvalitetsarbeidet fortløpende.

Det vert og hevda at det ikkje er systematiske rutinar for tilbakemeldingar til studentane etter fagutvalsmøta. Alle avdelingane har faste rutinar der referata frå fagutvalsmøta vert lagde ut på Fronter, og elles lagde fram på institutt- eller seksjonsmøte.

HVO kjenner seg ikkje att i at det ikkje vert gjeve tilbakemelding etter ekstern sensur. Ved siste revisjon av retningslinjene vart dette endra. Sensorane får no ikkje honorar før dei har levert sensorrapport. Alle sensorrapportane blir arkiverte i Ephorte og sende til emneansvarlege. Ved Institutt for sosialfag er det i tillegg

fast ordning ved bacheloreksamen 3. studieår å ha ei samling av eksamenskommisjonane for å drøfte det faglege nivået og andre aktuelle spørsmål.

#### *Spørsmål om studia sin relevans*

HVO har mange studium der ekstern praksis er ein viktig del av studiet og der kontakt med praksisplass, praksisbesøk og kontaktmøte med praksisstadene gjev viktig input ved sidan av annan ekstern verksemrd. Til dømes vert alle 3. års sosialfagstudentar besøkte kvart år når dei er ute i praksis. Organisering av studia og innhaldet i utdanninga er også tema i møte med praksisstadane.

#### *Fjern- og nettstudium*

I rapporten står det på s. 10: «*Det uformelle systemet legg ikke til rette for at den største studentgruppa ved høgskulen, fjernstudentane, får ta del i kvalitetsarbeidet. I så måte mister leiinga ved høgskulen viktig styringsinformasjon frå denne studentgruppa.*»

Sidan komiteen valde ut to studietilbod utan fjernstudentar, fekk kvalitetssikringa av fjern- og nettstudium lite merksemd i intervjuet. Når dei likevel blir omtala i rapporten vil vi gjerne gje informasjon om korleis HVO kvalitetssikrar desse tilboda. Først vil vi seie at fjernstudentar ikkje er den største studentgruppa ved høgskulen. Dei utgjer om lag 20 % av studentmassen vår.

I kvalitetssystemet vårt står det under fagutval at det skal lagast eigne evaluatingsopplegg for nettstudentar. Som kompensatoriske tiltak har alle nettstudium eigne fora for studentane og eigne studiekoordinatorarar for å sikre god oppfølging av studentane.

Det er jamt over god oppslutning om emneevalueringane på desse studieopplegga fordi studentane er vane med å bruke internett og mykje av oppfølginga allereie skjer via Fronter. Dei fleste nettstudium har også obligatoriske refleksjonsnotat som arbeidskrav. Historisk institutt skriv:

*Forholdet til studenter som tar nettstøttet studium blir veldig problematisert i rapporten. Bl.a. sies det (s. 4) at fagutvalgene ikke er et forum for fjernstudenter. Vi opplever det ikke slik ved Historisk institutt. Gjennom Fronter blir det kommunisert når Fagutvalget skal ha møter, og fjernstudentene blir bedt om å melde inn saker, noe de også gjør. Ønsker og synspunkter fra studentene som fremkommer på møte i Fagutvalget blir så behandlet på instituttmøtet, og det gis konkrete tilbakemeldinger fra instituttet på de innspill studentene har kommet med. Referat fra møtene legges ut på fellesrommet i Fronter.*

*I tillegg må alle studenter levere et anonymt refleksjonsnotat for hvert emne de tar vedrørende arbeids- og evaluatingsformer, undervisning, leksjoner, forum og administrative tjenester (spørsmålene vil variere en del fra emne til emne). Emneansvarlig lager en oppsummering av disse, som så behandles på instituttmøtet. Alt med sikte på kvalitetssikring. Vi anser refleksjonsnotatene som en spesielt viktig kilde til kvalitetssikring på våre studier.*

På dei samlingsbaserte studia har ein fagutval knytt til kvart emne, i tillegg til at kvar samling blir evaluert. På alle mastergradene har ein i tillegg også munnlege drøftingar om studieopplegget med studentar og fagtilsette.

#### *Attraktivitet og fråfall*

Komiteen har merka seg at søkinga til sosialfag var därleg i 2008 og 2009, jf. nedst på side 5. Høgskulen i Volda vil poengtere at dette snudde ved opptaket i fjor, og tala for dei to siste åra viser ei svært positiv utvikling.

Når det gjeld gjennomstrøyming på sosialfaga var det for familjøet ikkje overraskande at svak «inntakskvalitet» desse til åra også ville vise igjen i manglende fullføring og høgare strykprosent. Som venta kom ein vesentleg del av fråfallet i løpet av det første semesteret og det første studieåret. Dei fleste av dei som fullførte første året gjekk også vidare, og 70 % av 2008-kullet fullførte i vår bachelorgarden i sosialt arbeid. Av dei 106 som registrerte seg som studentar hausten 2009 er det 80 (fråfall 20 %) som no tar siste studieår, og av dei 120 som registrerte seg i 2010 er det 109 som går vidare (fråfall knapt 10 %). Fråfallet er ikkje spesielt stort, men det blei ekstra tematisert fordi det var noko nytt og uventa, og fordi det skjedde samtidig med nedgangen i sokjartal. Situasjonen *kunne* ha vorte alvorleg. Dette vart fanga opp gjennom kvalitetsrapportane frå avdelinga og vart nemnd i årsrapport for studiekvalitet for studieåret 2008-2010. Styret tildelte difor strategiske midlar, kr 200.000, til ei undersøking om moglege samanhengar mellom inntakskvalitet og fråfall på sosialarbeidarutdanninga. Vi meiner at dette er eit døme på at vi maktar å fange opp ting gjennom det systemet vi har, jf påstanden 6. avsnitt, side 12 om at «*forhold som er omtala, til dømes fråfallsproblematikk, har ingen adressat og ingen følgjer opp med å finne ut kva årsaka til fråfallet er.*»

#### *Dei store problema*


På side 10, 4. avsnitt finn vi følgjande påstand «*Samstundes viser det seg at dei store problema som vert avdekka gjennom kvalitetssystemet ikkje vert gjort noko med. Dette er problem som ikkje så lett lar seg løye i det uformelle systemet, og då kan det sjå ut til at det ikkje er noko ansvarleg organ som tek tak i problema.*»


Vi saknar ei konkretisering av innhaldet i denne påstanden. Kva store problem er det komiteen siktar til som ikkje dei ansvarlege organa grip tak i?

#### *Det vidare arbeidet med utviklinga av kvalitetssystemet ved HVO*

Vi takkar komiteen for interessante tilrådingar til vidareutvikling av kvalitetssystemet vårt. Etter NOKUT si styrehandsaming og endelige tilbakemelding, vil vi legge fram rapporten for styret vårt.

Med helsing

  
Jacob Kjøde jr.  
Høgskuledirektør

  
Gonnie Smit  
Studiedirektør

## 7.4 Kommentar frå komiteen

NOKUT v/direktøren  
Postboks 1708 Vika  
0121 Oslo

NASJONALT ORGAN FOR KVALITET I UTDANNINGEN	
Sak./Dok.nr.:	2009/329 - 16
J.dato:	09.09.2011 Klasse:
	522
Saksbeh.:	Adm.enhet:
AKS	TILBYN

### MERKNAD FRA SAKKYNDIG KOMITÉ TIL RAPPORTEN OM EVALUERING AV SYSTEM FOR KVALITETSSIKRING AV UTDANNINGA VED HØGSKULEN I VOLDA (HVO)

Vi viser til kommentarer av 30.08.2011 fra Høgskulen i Volda. På anmodning fra direktør og styreleder i NOKUT gir den sakkynlige komité med dette en merknad til Høgskulens kommentarer.

Innledningsvis vil komiteen uttrykke en viss undring over at HVO viser til faktafeil i rapporten. Det hadde HVO anledning til å kommentere før rapporten ble endelig avlevert, noe Høgskulen også benyttet seg av, jfr. brev av 11.07.2011. Når det er sagt, innser komiteen at det lett kan oppstå faktafeil i en slik rapport. Men det kan også være vanskelig å skille mellom faktafeil og uenighet knyttet til vurderingen av gitte fakta. Uten å gå i detalj vil komiteen vurdere de fleste merknader fra HVO å tilhøre den siste kategorien. Til dels underbygger enkelte av kommentarene noen av de svakheter vi påpeker i rapporten. Komiteens vurderinger står fast også etter HVOs siste kommentarer.

Komiteen vil imidlertid presisere følgende:

Til tross for de svakheter som komiteen påpeker ved Høgskulens kvalitetsarbeid, virker det som studentene ved HVO har et godt læringsmiljø, og at de saker som angår kvalitetssikring av studiene ser ut til å løses på tilfredsstillende måte. Gjennom intervjuene, ikke minst med studentene, ser det for komiteen ut til at kommunikasjonslinjene mellom studenter og ledelse er kort. Dette er en viktig grunn til at komiteen anbefaler godkjenning av kvalitetssikringssystemet ved HVO.

Vårt viktigste funn er at den dokumenterte beskrivelsen av kvalitetssikringssystemet ikke ser ut til å følges opp like godt i praksis. Mye ser ut til å løses på en uformell og lite transparent måte. Når det da er en åpenbar diskrepans mellom systemet slik det er beskrevet og slik kvalitetssikringen praktiseres, taler det i retning av at systemet ikke fungerer optimalt.

En evaluering av kvalitetssikringssystemet i regi av NOKUT bygger som kjent på dokumentstudier og intervjuer med ansatte og studenter. Tatt i betraktning den tid som står til rådighet for en evalueringsskomité, må man regne med at en slik evaluering alltid vil ha et utenfraperspektiv. Det vil si at komiteen i hovedsak vil se på resultatene som systemet genererer. Ansatte og studenter vil imidlertid ha et innenfraperspektiv, og dermed ha sterkere fokus på intensjonene med systemet. Disse to perspektivene kan gjøre tolkningen av samme fakta ulik. Noen ganger kan det være fornuftig å legge et utenfraperspektiv til grunn, andre ganger vil innenfraperspektivet gi best forståelse.

Komiteen har dannet seg et bilde av hvordan kvalitetssikringssystemet fungerer ved HVO. På det grunnlag har vi pekt på en del svakheter og mangler. Etter beste evne og med vennlig sinneleg har komiteen tilrådd at HVO i sitt arbeid med å utvikle kvaliteten gjennomfører en

del tiltak. Komiteen tror det er bedre å vurdere om dette er råd som kan gjøre HVO ennå bedre enn å prøve å gjendrive komiteens vurderinger ved å vise til anekdotiske enkeltilfeller.

Dersom styret i NOKUT ønsker å få belyst enkeltheter, er det mest hensiktsmessig at styret presiserer hva det gjelder.

Tromsø/ Oslo/ Bergen/ Helsingfors 06.09.2011



Helge Salvesen

Nina Skarpenes  
sign.

Christian Hemmestad Bjerke  
sign.

Solveig Cornér  
sign.